



Straumnett

Nøytralitetsrapport 2023

Nettselskap skal opptre nøytralt

Straumnett er eit nettselskap med monopol på overføring av elektrisk energi i vårt konsesjonsområde. Difor er Straumnett underlagt forskriftskrav om å opptre nøytralt og ikkje diskriminerande ovanfor straumleverandørar og kundar når det gjeld leveranse av ulike tenester og tilgang til desse tenestene.

Lov og forskrifter

Lov: Energiloven § 4–6

Forskrifter: Forskrift om endring i forskrift om måling, avrekning, fakturering av nettenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv. §1 og §8.

Om Straumnett

Straumnett har ved utgangen av 2023 om lag 3600 nettkundar.

Straumnett er organisert som eit dotterselskap til Årdal Energi Holding AS og er underlagt krav om selskapsmessig skilje.

I tillegg til nettselskapet Straumnett består konsernet av Årdal Kraftlag, Årdal Energi Produksjon, Årdalsnett og Enduser.

Straumnett har også eigerandelar i Ren AS 0,2 %, Seis AS 18,8 % og Nettalliansen 2,4 %.

Nøytralitetsansvarleg

I Straumnett er dagleg leiar, Jan Stian Smedegård, nøytralitetsansvarleg.

Oversikt over personar med fleire roller i konsernet

Stilling/Rolle Straumnett	Anna stilling/rolle ÅEH
Styreleiar	Styreleiar Årdal Energi Holding Styreleiar Årdal Kraftlag
Styremedlem	Styremedlem Årdal Energi Holding Styremedlem Årdal Kraftlag
Dagleg leiar	Dagleg leiar Årdal Energi Holding Dagleg leiar Årdal Kraftlag Styremedlem Årdalsnett

Nøytralitet ved handtering av kundar og kuneinformasjon

Straumnett kjøper økonomi og administrative tenester av Årdal Kraftlag.

Kundebehandlarane er kjent med at alle nettkundar skal behandlast likt og gjevast same servicenivå uavhengig av korleis kraftleverandør dei har.

All datautveksling med kraftmarknadsaktørar føregår via Elhub.

Alle tilsette er underlagt generell teieplikt og skal ikkje dele selskapsintern eller sensitiv informasjon utanfor selskapet.

Sentralbordløysing er felles i konsernet, men er sett opp for å tilfredsstilla krav til nøytralitet.

Straumnett gjennomfakturerer for to kraftleverandørar. Nettkundar utan avtale om gjennomfakturering blir fakturert av Straumnett.

Straumnett har objektive og ikkje diskriminerande tariffar for alle sine kundar, og tariffane er tilgjengelege på www.straumnett.no

Marknad og kommunikasjon

Straumnett sitt merkenamn, logo og profil skil seg klart frå andre selskap i konsernet.

Straumnett har eiga heimeside: www.straumnett.no.

E-postadresser i Straumnett er namn@straumnett.no.

Klager på nøytralitet

Straumnett har i 2023 ikkje hatt nokon klagar knytt til nøytral framferd.

Årdal, 16. mars 2024

Jan Stian Smedegård